Stilbok for

Thea Gyjordet.

16 blad

Sondagen kom, den herlege dagen, skulle vera. For etter mi meining, var månadslova noko av det likaste på heile skulen. Men eg fann snart ut at det var ikkje så herleg som det skulle vera likevel, for eg måtte vera med på saubeiting.

Eg stilte oppi brukse og støvlar, og maten hadde vi i ein sekk som far hadde på ryggen. Så bar det i veg.

Det leid alt så langt ut på hausten, at det hadde haustast i liene. Bjørka hadde mist blada sine, og ho stod der kvit og rimfrosen og svaga i vinden.

Vi vart blaute på støvlane og nederst på bruksene, for vela låg tjukk alle stader. Det syntes svare fote far etter oss nedover lia.

Vi var så langt som innover til Gamlesætra komne, da far meinte det var på tid å kvila. Og han slapp å segja det to gonger, før eg sette meg ned, fann matposen og tok meg nokre svære bitar av kakeskiva. Men det var ikkje lenge vi fekk sitja, før det bar innover mot fjellet. Far meinte det var der sauene heldt til.

Oppe i fjellet hadde snøen lagt sitt kvite teppe, og den kalde lufta kom som damp i mot oss. Eg kunne ikkje skyna at sauene kunne halda til her, utan å frysa i hjel, så eg meinte at dei heldt til lenger ned i marka.

Da vi kom på den høgste hømden, tok far fram kikerten og kikka i alle ret-

ningar. Men nei, han såg ikkje noko.
Så skulle eg pröva. Eg speida rundt
i kring alle stader, med eitt festa
kikerten seg på ein kvit flekk i ei berg-
skorte lenger sör. Det måtte vera ein
av sauene. Eg hengde kikerten på
aksla, og vi drog sörover. Vi hadde
gått som ein time, då vi meinte å vera
ved målet. Vi stana og speida utover.
Nede i ei bergskorte låg ein stor ~~stein~~ og
rimfrosen stein, det var han som
hadde vori sau denne gongen.
Vi drog skuffa attende. Skulle det
verkeleg bli berre sauleiting denne
månadslov dagen då? Eg var så arg,
at det var med nauda eg greidde
å halda sinnet attende.

Vi tok til å gå nedover og snart var vi ned ~~måtti~~ i mårka komne, og vi hadde lita tru på å finna sauene. Som eg gjekk der i tunge tankar, skvatt eg brått opp, av at noko røyrde seg borte mellom nokre tre. Og lite etter, skar to sauer nedetter lia. „Der har vi dei," sa far, og eg høyrde at det hadde komi noko anna over han. Tiglede over å ha funni all sauene, så dei slapp å gå her oppi og ginast. Vi gjekk stilt nedetter. Sauene var nok som røyskatten, dei hadde nok vorti forundra over å sjå folk her, så dei hadde stana litt lenger nede.

Eg lokka på sauene, og da dei høyrde bródet som eg rissla på, tok dei til

å koma nærmare.

Snart var dei så spake at dei kom heilt innåt oss, så det var ikkje noko vanske å få band på dei.

Så gjekk det med stor fart nedetter lia, og det var ikkje lenge før vi stod i tunet heime. Og no fekk dei sleppa inn i fjøset til dei andre sauene.

Eg gjekk inn, vrengde av meg dei blaute kleda, og skifta på meg turre. Og no fyrst var det på tide å leggja seg på auga og lesa romantikk. Men no var klokka 8 òg, så dagen var snart gått. Og eg tenkte med meg sjølv, at det var mykje likare å aldri ha månadslov, enn å driva i marka på sauleiting.

4

Rettingar.

Måndag. sauefeiting. flugar i hel. å kika å sjå. verkeleg. heilt.

Liggja på senga og lesa romantikk.

Skal du få vera med meg til marka på sauefeiting.

Det likaste på heile skulen

Det leid alt så langt ut på hausten at det hadde haustast i liene.

Ho stod der kvit og rimfrosen og svaga i vinden.

For eg sette meg ned, fann matposen og tok meg nokre svære store bitar av kakeskiva.

Vrengde av meg dei blaute kleda og skifte på meg turre.

Ot det var mykje likare å aldri ha mønsterbror.